



UTVIKLINGSPLAN 2016-2017

Utviklingsplanen til Fitjar vgs har grunnlaget sitt i skulen sine egne definerte utviklingsbehov og mål. I tillegg til Hordaland fylkeskommune sitt styringsdokument (2016-2018) for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane vert desse dokumenta skulen sitt planleggings- og styringsverktøy.

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland for skuleåret 2016-2018 er

Auka læringsutbytte og fullføring

Desse utviklingsmåla skal ha særskilt merksemd:

- Auka læringsutbytte -skulen i framtida
- Auka gjennomføring
- Eit godt psykososialt læringsmiljø
- Plattform for pedagogisk utviklingsarbeid

VISJON

«Fitjar vgs skal vera ein god stad å vera, ein god stad å læra»

VERDIAR

«ME BRYR OSS»

Alle er gode medmenneske!

Fitjar vgs skal vera ein trygg, positiv og triveleg stad der elevar og tilsette skal ha mot til å vera den beste utgåva av seg sjølv. Me er del av eit inkluderande fellesskap der alle er likeverdige. Me har respekt og toleranse for alle og me dyrkar mangfaldet. Det er viktig å vise omsorg og empati.

«SAMAN GJER ME KVARANDRE GODE»

Fitjar vgs har fokus på læring og læringsmiljøet skal vera inspirerende, søkjande og motivera elevane for læring. Tilsette skal ha eit positivt elevsyn og me skal møta kvar einskild elev på sitt nivå slik at elevane opplever meistring og utfordringar. Kvar elev skal få høve til å påverke sin eigen opplæringsituasjon når det gjeld til planlegging, gjennomføring og evaluering.

«KVALITET I ALLE LEDD»

Fitjar vgs er ein kompetanseskule med høg profesjonalitet på alle nivå. Me er stolt av å høyra til skulen, stolt av faga våre, stolt av alle menneska som er her. Skulen skal ta vare på det beste me har i dag samstundes som me skal vera nyskapande, kreative og endringsvillige. Skulen skal ha tydelege rammer med felles reglar der trivsel og glede skaper gode holdningar framferd og læring.

PEDAGOGISK PLATTFORM

Lærings- og elevsyn

Skulen si tilpassing av læringa skal visa seg ved

- at alle elevar er ein ressurs som vert inkludert i skulesamfunnet
- eit sosiokonstruktivistisk lærings- og elevsyn som legg vekt på at læring skjer i samspel og deltaking mellom menneske
- at læraren tek utgangspunkt i kvar ein skild elev sine føresetnader og legg til rette, inspirerer og rettleiar elevane slik at dei byggjer sin eigen kompetanse i samarbeid med medelevar og vaksne
- eit høgt læringsstrykk og målretta undervisning

Elevrolla

Skulen forventar at kvar ein skild elev

- set seg realistiske mål i forhold til eiga opplæring
- er spørjande, kunnskapssøkjande, initiativrik og kreativ
- motiverer seg sjølv for arbeidsinnsats og delta aktivt i opplæringa og visa ansvar for eiga læring
- bidreg til å skapa eit positivt læringsmiljø, arbeidsro og god orden
- møter presis og godt førebudd til timane med ope sinn og godt humør
- viser respekt for alle ved skulen
- har god folkeskikk

Lærarrolla

Skulen forventar at kvar ein skild lærar

- har eit positivt elevsyn der ein møter kvar ein skild elev med respekt og har tru på den ein skilde elev sine evner til å læra, skapa læringslyst
- er eleven sin støttespelar, grensesettar og rollemodell
- har ei tydeleg klasseleiing
- lyttar til elevane og tek dei med på råd ved val av arbeidsstoff, arbeidsformer og undervisningsmetodar
- er engasjerte og godt førebudd til undervisninga, fagleg oppdatert, samarbeider med kollegaer
- gir tydelege tilbakemeldingar til elevane: vurdering for læring
- legg vekt på å byggja gode relasjonar til elevane og følgjer dei opp slik at dei får ei positiv fagleg og personleg utvikling og sjølvbilette

Skuleleirolla

Skulen forventar at leiinga

- har fokus på elevane si læring og utvikling
- utviklar, følgjer opp og evaluerer skulen sin praksis på ulike område
- har hovudansvar for HMT arbeidet
- er synlege og tilgjengelege for tilsette og elevar
- inspirerer og motiverer tilsette og elevar
- har eit tydeleg leiarskap med klare forventningar til dei tilsette, gi konstruktive tilbakemeldingar og tek naudsynte avgjersler
- er lojal og tek vare på skulen sine interesser overfor lokale og sentrale styresmakter og eksterne samarbeidspartnarar

Skulemiljøet

Skulen forventar at

- alle arbeider for at det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet er godt
- elevar og tilsette viser kvarandre respekt og er høflege med kvarandre
- alle bidreg til ein mobbefri skule
- elevane følgjer skulen sine ordensreglar

- tilsette følgjer opp utviklingsmåla til skulen, i forhold til skuleeigar
- alle held det ryddig og fint på skulen

Elevane sitt støtteapparat:

Bibliotekar, helsesøster, miljøarbeidarar, reinhaldarar, kontorpersonale, IKT-konsulent, vaktmeister

Skulen forventar at alle i støtteapparatet er profesjonelle innan kvart sitt fagområde, yt god service, møter elevane med respekt, er imøtekomande og hjelpsame i forhold til elevane sine behov.

Sosialrådgjevar hjelper elevar dersom dei har fagvanskar, personlege, sosiale eller emosjonelle vanskar som har noko å seia for opplæringa.

Elevinspektør/yrkesrådgjevar hjelper elevane til å gjera gode val med tanke på yrke og utdanning.

UTVIKLINGSMÅL

DEN GODE LÆRINGSØKTA					
Mål	Tiltak	Resultatmål Kvantitative/ Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Start – slutt milepælar	Ansvarleg/ organisering	Dokumentasjon Evaluering
Forpliktande praktisering av «den gode læringsøkta»	Fokus på dette på pers-/avd. møter fag/klasse team Drøfting, praktisering i alle klassar Oppslag i alle klasserom	Betre læringsøkter – betre læring	aug 16 nov 16: evaluering dele med dei gode døma jan 17: status i forhold til tal i PULS mai 17: evaluering - endring	rektor avd.leiar lærer	Elevundersøking Undervisningsevaluering Drøfting med elevane i alle fag
Systematikk i elevmedverknad knytt til læring	Trekantmøte (ein gong pr månad med elevtillitsvald, kontaktlærer, leiar)	Betre elev- medverknad Betre elevaktivt læringsmiljø	Aug 16 Jun 17		Trekantmøte

BRUK AV IKT I LÆRINGS- OG UTVIKLINGSARBEIDET : AVD: RM / HO / DH

Mål	Tiltak	Resultatmål Kvantitative/ Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Start – slutt milepælar	Ansvar/ organisering	Dokumentasjon Evaluering
Bruk av planleggjaren/ digitale arbeidsplanar	Interne kurs, både for lærarar og elevar. Drøfta i kl.team	Nytta planleggjaren i itslearning i alle fag for alle økter. Felles struktur	Aug 16 Jan 17 Mai 17 Interne kurs gjennom heile skuleåret.	Avd.leiar IKT-gruppe Faglærer	Evaluering feb. 16, både lærarar og elevar Elevråd Undervisningsevaluering
Gode informasjonsrutinar	Felles rutinar. Fordeling av ansvar.	Like rutinar.	Aug 16 Jan 17 Jun 17	Rektor Avd.leiar IKT-gruppe	
Pedagogisk bruk av digitale tavler	Teknisk opplæring. Pedagogiske drøftingar i fagteam	Betre pedagogisk bruk av tavlene Variert undervisning	Aug16 Jan 17 Jun 17	IKT-gruppe	Elevrådet
Gode digitale dugleikar hos elevane	Klasseleiing	Gode digitale dugleikar	Aug 16 Jan 17 Jun 17	Faglærer IKT-gruppe Elev-superbrukarar	Mål definert på www.laringihordaland.no (digitale dugleikar elevar i HFK)

Utviklingsmål: VURDERING FOR LÆRING					
Mål	Tiltak	Resultatmål Kvantitative/ Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Start – slutt – milepælar	Ansvar/ organisering	Dokumentasjon - Evaluering
Gje gode tilbakemeldingar, fagleg rettleiing og undervegsvurdering	Skulebasert vurdering for læring (MOOC) Meir proessorientert opplæring i språkfag Tydelege og konkrete tilb.meldingar. Tett oppfølging Tilpassa opplæring	Felles haldning og vurderingspraksis/ kultur Større læringsutbyte/ høgare måloppnåing	Aug 16 Jan 17 Jun 17	Lærer Avd.leiar	PedSys Elevundersøking Undervinsningevaluering
Leggja til rette for eigenvurdering i alle fag	Utarbeida gode vurderings- situasjonar	Reflekterande elevar i forhold til arb.prosessar/ arb.innsats/ måloppnåing Elevmedverknad	Aug 16 Jan 17 Jun 17	Lærer	
Utarbeida kjenneteikn på måloppnåing i alle fag	Kvar fagseksjon utarbeider kjenneteikn på måloppnåing Informasjon om kva som tel med i vurderinga?	Reflekterande elevar Alle elevar er kjende med kva som blir kravd	Aug 16 Jan 17 Jun 17	Faglærer Avd.leiar	PedSys Elevundersøking
Gode informasjons- rutinar til elevar/føresette om skulen sin vurderingspraksis	Drøfting avdelingsvis. Felles prosedyrar.	Lett tilgjengeleg info om vurderingsrutinar og praksis.	Sep 16	Rektor Avd.leiar Faglærer Kontaktlærer	«Prosedyreperm»
Yrkesretting av fellesfag -FYR Grunnleggjande dugleikar i alle fag	Konkrete planar for yrkesretting gjennom FYR- årshjul. Drøfting på klasseteam.	Betre motivasjon, læring hos elevar. Relevant opplæring.	Aug 16 Jan 17 Jun 17	Faglærer Kontaktlærer Avd.leiar	Elevundersøking Intern evaluering vår 17
Auka skulens kollektive vurderingspraksis	Skulebasert «vurdering for læring (VFL)»	Arbeider modulbasert (8 modular)	Eigen plan for gjennom- føring. Slutt jan 17	Rektor Avd.leiar Lærer	

Utviklingsmål: KLASSELEIING

Mål	Tiltak	Resultatmål Kvantitative/ Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Start – slutt – milepælar	Ansvar/ organisering	Dokumentasjon - Evaluering
Redusera frávær	Gjennomgang av prosedyre Tett oppfølging av elevane	Redusert frávær	Aug 16 Jan 17 Jun 17	Rektor Faglærer Kontaktlærer Ressursteam Elevinspektør	Fráværstatistikkar
Felles praktisering av orden/åtferdsregl.	Gjennomgang av reglementet. Felles praktisering/ håndheving	Lik praksis.	Aug 15	Rektor Avd.leiar Kontaktlærer Faglærer	Merknadar før i SkoleArena. Trekantmøter
Psykososialt miljø og gode relasjonar	Skape rammer for god dialog i klasserommet, javnlege utfrodringar i grupper for å styrke samhaldet og fellesskapen i klassen	Trivsel og at elevane kjenner seg trygge. Godt skulemiljø	Aug 16 Jan 17 Jun 17	Faglærer og klasseteam	Elevundersøking Trekantmøter

Utviklingsmål: TEAMORGANISERING

Mål	Tiltak	Resultatmål Kvantitative/ Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Start – slutt – milepælar	Ansvar/ organisering	Dokumentasjon - Evaluering
Betre tilpassa opplæring for alle elevar	2-lærarar i alle fag på Vg1 + einskilde fag på Vg2 Nytte PULS- tal for å sjå utvikling	Tilpassa opplæring for alle elevar Betre oppfølging av den einskilde elev Elevmedverknad, meir ansvar for eiga læring Større variasjon i undervisnings- metodar, gruppestorleik, fleksibilitet Meir samarbeid mellom lærarar - delingskultur	Aug 16 Jan 17 Jun 17	Avd.leiar Rektor	Dele med «det gode samarbeidet» på fellesmøter, klasseteammøter, fagmøter

Utviklingsmål: DEN GODE LÆRINGSØKTA

OPPSTART AV TIMEN

Kjenneteikn	Konkretisering		Refleksjon
Kva	Elevane	Lærer	Kvifor
ME MØTER PREIS	<p>Er på plass og klar når timen byrjar</p> <p>Helser</p>	<p>Er på plass og klar i god tid før elevane kjem</p> <p>Helser</p> <p>Ord for dagen(forslag): - forteljing, dikt, song, bilete, nyhende.....</p>	Læreprosessen startar så raskt som mogleg
ME ER FØREBUDE	<p>Har lese arbeidsplanen før timen</p> <p>Har gjort lekser, oppgåver, innleveringar....</p> <p>Er fagleg førebudd</p> <p>Arbeider etter måla som er sett for læringsøkta</p>	<p>Er godt fagleg førebudd</p> <p>Har ein strukturert plan for timen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - motivasjon - mål (skal vera kjend for elevane) - knyte nytt stoff til gammalt - undervisningsmetodar (variasjon, fleksibilitet...) - yrkesretting - tverrfaglege opplegg - konkretisering - praksisnær undervisning - vurdering (kva, korleis...) - skriv på tavla kva som skal skje 	<p>Viktig at ein er førebudd på kva som skal lærast</p> <p>Forventningar og refleksjonar fører til nytenking og kreativitet</p>
ME HAR MED OSS UTSTYR SOM TRENGST	<p>Har med bøker, digitale verktøy, undervisningsmateriell, innleveringar, skriftleg arbeid, arbeidstøy....</p>	<p>Har med bøker, digitale verktøy, utstyr og ting som skal nyttast/delast ut i timen</p> <p>Møt i egna arbeidstøy i fag der ein krev det</p>	God rollemodell

GJENNOMFØRING

Kjenneteikn	Konkretisering		Refleksjon
Kva	Elevane	Lærer	Kvifor
FAGLEG FOKUS	<p>Har fokus på undervisning, læring og lærings-aktivitetar i timen</p> <p>Er engasjert og deltek aktivt i undervisninga</p>	<p>Engasjement</p> <p>Har merksemd på den einskilde elev si læring:</p> <ul style="list-style-type: none"> - tilpassa opplæring - meistring - noko å strekka seg etter <p>Læringstrykk</p> <p>Sjå «tilbake» - kva lærte me førre økt?</p> <p>Gi tydelege og konstruktive tilbakemeldingar til elevane, fagleg og sosialt</p>	<p>Sjå heilskap, samanhengar</p>
<p>FORHOLD:</p> <p>* LÆRAR – ELEV</p> <p>* ELEV - ELEV</p>	<p>Tek ansvar for seg sjølv og hjelper andre (BRYR SEG)</p> <p>Er open, positiv og inkluderande overfor medelevar og tilsette</p>	<p>Ser den einskilde elev:</p> <ul style="list-style-type: none"> - positiv - ros - støttande - skape tillit og tryggleik 	<p>Bidra til ei god sjølvkjensle hos elevane</p> <p>Gode relasjonar</p>
ORDEN - ARBEIDSRO	<p>Følgjer klassereglane</p> <ul style="list-style-type: none"> - ro - orden - ryddag etter seg sjølv 	<p>Følgjer opp klassereglane</p> <ul style="list-style-type: none"> - konsekvent <p>Tydeleg leiarskap:</p> <ul style="list-style-type: none"> - forventningar - konsekvens 	<p>Positivt for læringsmiljø</p> <p>Danningsprosess</p>

AVSLUTNING

Kjenneteikn	Konkretisering		Refleksjon
Kva	Elevane	Lærer	Kvifor
ME OPPSUMMERER, REFLEKTERER (TENKJER OVER) OG KONKLUDERER KVA ME HAR LÆRT	Held fokus på læringa fram til økta er slutt Kva har tema vore? Kva har eg lært? Har eg nådd målet for økta? Positive og negative tilbakemeldingar til lærar Ryddig i klasserommet etter økta.	Oppsummering av innhald og læringsmål Reflektera saman med elevane: - innhald - prosess - gjennomføring - metodikk Korleis? - spørsmål frå lærar - summing med sidemann - skriv på post-itlappar - loop - loggbok - biletepresentasjon - tankekart - quiz - rollespel..... Få oversikt over kva elevane har lært/treng å læra meir om Førebu elevane til neste økt: - læringsmål - lekse- forventning Ryddig i klasserommet etter økta.	Aktive elevar Fokus på læringsprosessen Viktig å sjå framover: - vite kva som skal skje - motivasjon - heilskap

Kvar klasse lagar sine egne klassereglar (konkrete) som skal gjelda i alle fag:

- ✓ takt og tone i klasserommet?
- ✓ korleis er me med kvarandre?
- ✓ arbeidsro?
- ✓ orden?
- ✓ mobiltelefon?
- ✓ data?
- ✓ medbestemming (elevdemokrati)?